

Den frieste stien får
du med den rette innsikten.

Husk å omadressere
avisa i sommer!

Klikk her

KLASSEKAMPEN

Venstresidas dagsavis
Nettutgaven, mandag 1. juli, 2013



GJEV UT BOK: Sverre Malling og Tom Egil Hverven har samla arbeida sine med 22.-juli rettssaka i boka «Terrorrens ansikt». Foto: Ivan Tostrup

Sirkling om det gåtefulle

Sverre Malling kallar portretta av Anders Behring Breivik for skisser. Tom Egil Hverven meiner det også er stikkordet for deira felles bok «Terrorrens ansikt».

Av Guri Kulås (tekst) og Ivan Tostrup (foto)

Våren og sommaren 2012 dekte Sverre Malling og Tom Egil Hverven 22. juli-rettssaka for Klassekampen. Både Mallings teikningar frå rettssalen og Hvervens reflekterande tekstar frå rettsforhandlingane skilte seg frå hovudstraumen av mediedekkinga, ikkje minst gjennom at dei opna rommet for å tolka terroristen utover den tradisjonelle rettsteikninga og utover fagposisjonane til psykiatrane, idehistorikarane og terrorforskarane.

Dei to drog inn både kunst og litteraturhistoria i sine lesingar.

Frå rettssal til bok

Dei annleis perspektiva kjem tydeleg fram i «Terrorrens ansikt», som blir lansert til veka. Boka samlar eit utval av teikningane og reviderte tekstar frå rettssaka, i tillegg til ein ny dialog mellom dei to om forholdet mellom kunst og terror og eit etterord av kunstkritikar Kjetil Røed.

– Når ein les tekstane og ser teikningane samla, får ein inntrykk av at de er eit samkøyrte team, men slik er det ikkje?

– Vi møttest først i dette felles oppdraget, men gjennom samtalar under vegs, vaks det fram ei samforståing mellom oss. Sverre opna kunsthistoria for meg på nye måtar, fortel Tom Egil Hverven.

– For meg var det viktig at Tom Egils nyanserte og komplekse tekstar gav eit spelerom for teikningane, seier Sverre Malling.

Klassekampen møter dei to i Mallings atelier i Oslo, der dei mange portretta frå rettssaka kan studerast samla. Malling fortel at det var eit vanskeleg oppdrag, og ikkje berre fordi dei fysiske arbeidsforholda i rettssalen var krevjande. Det var trongt, spent stemning og det varierte frå dag til dag, kva og kven han faktisk kunne sjå. Han valte også difor dei basale reiskapane blyant og papir.

– Det var eit stort steg å gå ut av atelieret, der eg til vanleg arbeider i fred og ro med fiksjonar, og inn i ei offentleg sak med så mange sider og så stor merksemd. Arbeidssituasjonen utfordra kvalitetskrava til meg sjølv som kunstnar, og konteksten gjorde meg var på kva andre meinte om mine tolkingar av motivet.

– Dette var nytt territorium for dykk begge. Hadde de ein fastlagt strategi, då de gjekk inn i rettssalen første dag?

– Nei. Vi kom til saka som dei menneska vi er. Så drøfta vi oss fram til kva dette skulle bli, saman med kvarandre og dei andre Klassekampen-journalistane, seier Hverven.

– Men vi har heile vegen hatt som mål å utvida horisonten.

Det menneskelege

Kunst og kulturhistoria har vore djupt oppteken av å granska problemstillingar som var viktige under rettssaka; ondskap, galskap, utanforskap.

Malling nemner fleire inspirasjonskjelder til sine teikningar, ikkje minst Théodore Géricault (1791 – 1824), og hans teiknar av sinnssjuka.

– Géricault hadde sjølv hatt eit mentalt samanbrot, og du kan ana i portretta, at han speglar seg i desse personane. Han kan ikkje seiast å sympatisera med dei, men han skildrar dei som fullverdige, samansette menneske.

Dette siste poenget kjem også fram i Hvervens rettskommentar frå den 27. april 2012: «Tilrekneleg nok». Rammene for det menneskelege, er i det heile sentralt for

Malling og Hverven.

– De vågar begge å opna for identifikasjon med eller attkjenning i terroristen.

– Vi er begge kvite menn, som har vakse opp i same geografi som Anders Behring Breivik. Vi kan ikkje distansera oss frå det, seier Hverven.

– Han er også på same alder som meg, og eg byrja tidleg å tenkja på at vi godt kunne ha opplev dei same tinga og vore på dei same stadene her i byen, seier Malling.

– Du seier i boka at du blir trist av å sjå Anders Behring Breivik, at han står fram som ein djupt einsam person.

– Ja, også difor blir det for enkelt å karikera han. Eg nærma meg han i staden frå ulike vinklar, som om eg sirkla rundt noko som ein vanskeleg kan gje eit kontant, uttømmeleg bilete av.

– Hendingane 22. juli er inga gåte, men kvifor dei skjedde, er enno gåtefullt, meiner Hverven:

– Etter å ha høyr to psykiatriske rapportar og vitnemål frå vener, står terroristen også fram som eit alminneleg menneske. Ein bror, son og ven, som var elska – og som var meir lyttande og omsynsfull overfor jenter, enn dei andre gutane i venekrinsen. For nokon var han slik, heilt fram til bomba small. Dei gav eit anna, underkommunisert bilete, enn sjølvscenasettinga vi såg etter 22. juli.

Kultur som tolkingshjelp

– Saka skrik etter fortolking, men kanskje er ikkje den første tolkinga du tyr til den beste. Nokon har drege opp Breiviks barndom eller hans ideologi, andre kva terroristar han liknar, som Timothy McVeigh, eller personar som har utført skolemassakrar. Alt kan yta til eit bilete, men om du vel ei tolking, kan du også lukka saka for ei større forståing av ho, meiner Hverven.

Sjølv er han oppteken av historikaren Roger Griffins «Terrorist's Creed: Fanatical Violence and the Human Need for Meaning». Griffin meiner vi treng ein «metodologisk empati» for å forstå moderne terror, og her kan kulturuttrykk hjelpa oss. Griffin er, til liks med Hverven og Malling, oppteken av hovudpersonen Travis Bickle i «Taxi Driver», og korleis han samlar mange av dei utviklingsdraga som er sams for moderne terroristar, inkludert Anders Behring Breivik.

– Under moderniteten har samfunnet endra seg mykje raskare enn vi som individ greier å forhold oss til. Terror er også ein reaksjon på det. Forfattar som Dostojevskij og Conrad rørte ved desse utfordringane, filmar som «Taxi Driver» og «Fight Club» gjer det på andre måtar. Avvisinga av den sosiale fellesskapen, ønsket om å reinska opp i alt det nye har ført med seg, som blir skildra her, spring ut av noko langt vidare og meir allment i kulturen, som gjeld oss alle, ikkje berre terroristane. I forlenging av Griffin, er eg oppteken av sivilsamfunnet. Korleis vi møter og tolkar terroren.

Stenging av Grubbegata, helikopter til politiet og større ressursar til barnevernet er vel og bra, men staten er ikkje løysinga på alt, slik vi har ein tendens til å tru i dei nordiske sosialdemokratia, hevdar Hverven.



Advares fra alle hold

ENIGE: Iran, amerikanere flest, EU-land og utenriksekspertar advarer Obama om det samme: At væpning av opprørere i Syria styrker radikale jihadister.

[Les mer »](#)



Få, fattige og sjanseløse

SKEIVT: Stortingskandidatene fra Oslo øst tjener halvparten så mye som sine konkurrenter på vestkanten. Og nesten ingen av dem har reelle vinnersjanser i valget.

[Les mer »](#)

10 000 faktaartiklar

– og fleire nye publisert kvar dag

allkunne.NO

Kvalitetssikra digitalt oppslagsverk på nynorsk



På etterskudd

Dagens leder



Kamp om Ny Tid

I kveld er det duket for kamp om eierskapet i Ny Tid. Redaktøren frykter at den største eieren prøver å påvirke det redaksjonelle innholdet.



Nettutgaven gir deg et lite utvalg fra dagens avis.
For å lese hele avisen kan du [abonnere](#).
© Klassekampen AS
Ansv. red: [Bjørgulv Braanen](#)
Daglig leder: [Marga van der Wal](#)

Sentralbord: 21 09 30 00
Besøk: Grønland 4, Oslo
Post: Boks 9257 Grønland, 0134 OSLO
E-post: klassekampen@klassekampen.no
Alt innhold er opphavsrettslig beskyttet © Klassekampen

KLASSEKAMPEN

Det gjøres oppmerksom på at denne nettavisen regelmessig blir innsamlet og lagret av Nasjonalbiblioteket. Nettavisen vil bli gjort tilgjengelig som kildemateriale for forskning og dokumentasjon.